
Fra: Anne-Lise Næs Olsen
Sendt: 18. desember 2015 14:15
Til: 'Vigdis Lode'
Emne: SV: Ang. undervegs møte mm. - Hjertås Industriområde Sør

Hei.

Me viser til telefonsamtale i dag og til dykkar e-post av 18.12.2015.

Plankartet, føresegner og planskildring lyt oppdaterast litt, dette jf. telefonsamtale.

Plankartet er litt uklart når det gjeld byggjegrensar, og det er etter administrasjonen sitt syn, også litt mangelfullt ang. teknisk infrastruktur mm.

Føresegner lyt oppdaterast slik at dei ivaretek føringar i ny kommuneplan i tilstrekkeleg grad, og slik at dei klarare skildrar dokumentasjonskrav, rekkjefølgjekrav, krav til utforming og eventuell massedeponering mm. Administrasjonen kan eventuelt tilarbeide føresegner, dette mot eit gebyr i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ, men dette lyt avklarast.

Planskildring lyt oppdaterast i høve til nytt regelverk, nye planar og nye retningslinjer, og alle plandokumenta lyt samsvare med kvarandre innbyrdes.

Administrasjonen meiner det er hensiktsmessig å ha eit møte før innlevering, for å drøfte desse uklarheitene. Møtet kan gjerne vere mellom kommunen og konsulent dersom tiltakshavar er forhindra i å møte. Gje tilbakemelding om, og eventuelt når de vil ha eit møte.

Med venleg helsing

Anne-Lise Olsen
Fagansvarleg Plan
Tlf. 56171000/1173
e-post: anne.lise.olsen@meland.kommune.no



Fra: Vigdis Lode [<mailto:vigdis@opus.no>]
Sendt: 18. desember 2015 12:18
Til: Anne-Lise Næs Olsen
Emne: SV: Ang. undervegs møte mm. - Hjertås Industriområde Sør

Hei,

Prøver å nå deg på telefon. Me lurer på om ein kan ta avklaringar per telefon og epost, da oppdragsgivar har lite tid til nytt møte framover.

Med vennlig hilsen,



VIGDIS LODE

Planlegger
Geograf

Dir 55 21 41 56
Mob 92 25 12 82
Tlf 55 21 41 50

Fra: Anne-Lise Næs Olsen [<mailto:anne.lise.olsen@meland.kommune.no>]

Sendt: 14. desember 2015 08:55

Til: Vigdis Lode

Emne: SV: Ang. undervegs møte mm. - Hjertås Industriområde Sør

Hei.

Det kan kanskje bli litt travelt å få det til før jul, men me får sjå kva me får til. Me ventar på nærare tilbakemelding frå dykk.

Med venleg helsing

Anne-Lise Olsen

Fagansvarleg Plan

Tlf. 56171000/1173

e-post: anne.lise.olsen@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

Fra: Vigdis Lode [<mailto:vigdis@opus.no>]

Sendt: 11. desember 2015 14:56

Til: Anne-Lise Næs Olsen

Emne: SV: Ang. undervegs møte mm. - Hjertås Industriområde Sør

Hei Anne-Lise,

Onsdag, torsdag, fredag i neste uke ser ok ut for Opus om vi får tatt det før jul. Hører med vår oppdragsgiver og gir deg en tilbakemelding.

Med vennlig hilsen,



VIGDIS LODE

Planlegger
Geograf

Dir 55 21 41 56
Mob 92 25 12 82
Tlf 55 21 41 50

Fra: Anne-Lise Næs Olsen [<mailto:anne.lise.olsen@meland.kommune.no>]

Sendt: 11. desember 2015 13:53

Til: Vigdis Lode

Emne: Ang. undervegs møte mm. - Hjertås Industriområde Sør

Se vedlagte saksdokumenter.